

Møtebok 10-23, Lykling sokneråd 15.11.23

Dag: 15.11.23 **Tid:** kl 19:00 **Stad:** Finnås bedehus

Rådsmedlem:

Roald Drønen, Silje E. Oldereide, Hildegunn L. Stautland, Sissel S. Gåsland, Lillian Thorsen, Sverre Leon Larsen

vara:

Marianne Steinsvåg

Roald opna møtet med å lese eit stykke frå? og bad ei bøn.

Saksliste:

Sak 77-23 Godkjenning av referat og innkalling

Soknerådsmøtet måtte spontant flyttast til Finnås bedehus av di kyrkja var oppteken.

Elles ingen merknader

Sak 78-23 Meldingar og skriv

Skriv frå bispekontoret angående prosessen med å tilsetja ny sokneprest i Lykling sokn og Bømlø sokn. Nytt i år at ein skal velje ein representant frå det aktuelle soknet/sokna som skal delta i heile prosessen via eit tilsettingsråd. Det inneber at Bømlø og Lykling må gjera seg einige om kven som skal sendast som representant til intervju og tilsettingsråd når det skal tilsettast ny prest. Søknadsfristen for den ledige stillinga er 3.des.

Sak 79-23 Møteplan neste år

Me fastset nokre møter framover: onsdagar kl 19.00

06.12.23

03.01.24

31.01.24

06.03.24

03.04.24

Sak 80-23 Lysmesse 03.12.23 klokka 16:00

Graut til konfirmantane etter lysmessa i tillegg til noko sosialt.

- Lillian grautansvarleg: bestiller Fjordland på Joker
- Sissel og Silje (?) ansvar for leikar.

Sak 81-23 Julekonsert 10.12.23:

Bømlø Kormix, Våge skulekorps

Soknerådet har kyrkjevertsansvar

Sak 82-23 Heilage tre kongars fest 14.januar kl 16.00

- Soknerådet ansvar for borddekking og pynting
- Dei som kan av rådet møter laurdag kl 16.00:
Sverre Leon, Marianne, Hildegunn, Silje E.O.
- Silje snakker med Astri om blomar,

- Sissel snakker med Ola om bedehuset og arbeidsfordeling,
- Lillian handlar på Joker,

Sak 83-23 Offerliste våren 2024

- Utsett til neste møte:
Sissel og Roald kjem med forslag som rådet tek opp til drøfting.

Sak 84-23 Ymse

- **Salmeønskekveld med Simon Madsen 26.11. kl 19.00**

Lillian og Hildegunn stiller som kyrkjevertar

- Kristoffer tilbyr å spela piano i kyrkja ved ulike arrangement
Noko me gjerne takkar ja til
- Mobil leikekrok: Me ønsker å prøva å lage til ein liten leikekrok bak i kyrkja, der foreldre med små urolege barn kan få lov å trekke seg attende og aktivisere smårollingen.
- Silje kjøper kasser på Biltema
- Alle sjekkar heima etter leiker og ev nokre matter
- Det er komen inn forslag om flatskjermar på veggen oppe på galleriet, kopla til eit enkelt kamera, slik at dei som set der oppe kan sjå kva som skjer i kyrkja. Sissel spør Olafsen om råd. Me prøver å skaffe sponsorar.

Rådsmøtet vart avslutta med «Vår Far» og velsigninga

Neste soknerådsmøte 06.12.23 kl 19.00 i Lykling kyrkje

Ord til opning: Roald

Referent Sissel S. Gåsland